

Rapport HB oktober 2009

Byggjelånet er no betalt tilbake.

Herand Bygdelaag lånte kr. 1,2 mill av Hardingbanken for å betala for utstillinga på skulen og sjømiljøet i Vik. Byggjelånet er no innfridd.

Alle bevilga midlar totalt til prosjekta, kr. 1,7 mill, er innbetalt etter framlagt rekneskap og sluttrapport.

Dei antikvariske sidene av arbeidet er kontrollerte, og sjølv sagt godkjende, då innbetaling har funne stad. Totalt blei prosjekta noko dyrare enn ein først antok, spesielt dei elektriske installasjonane og malingsarbeidet (som me sette bort til leigd arbeidskraft for å ferdig). Bygdelaaget tek i desse dagar opp eit lån på kr. 250 000 i same bank for å betala uteståande beløp.

Dan Danielsen

Kr. 50000 til Herand Bygdelaag.

Hardingbanken har i dag, 8. September, innvilga kr. 50 000 for å få fullført vårt arbeid i 2009. Dette var ei svært gledeleg overrasking. Me har sporenstriks invitert Styret i banken til Herand for å sjå på dei attraksjonar/prosjekt me har, sjølv sagt inkludert utstillinga på skulen og krambua i Vik.

Dan Danielsen

Basaren til Bygdelaaget.

Alle lokale lag og organisasjonar får bruka Skulen gratis til sine møter. Bygdelaaget er svært glade for den positive bruken av skulen. Bygdelaaget sine største utgifter er straum og forsikring. Bygdelaaget har ikkje betalt sekretær/prosjektleder eller kasserar. Denne del av arbeidet er no betydeleg. Bygdelaaget sine inntekter er for det meste frå Bygdabladet og basaren. Me kjem rundt på husa for å selgja lodd til basaren i år. Me sel også lodd på Joker Herand.

Bygdelaaget meiner at det var i takt med bygda sine interesser at me laga utstillinga på skulen og restaurerte krambua. Bygdelaaget får svært gode tilbakemeldingar frå folk som vitjar oss.

Dan Danielsen